



Skjåk Turløyper

Skjåk Turløyper SA er eit ikkje-kommersielt selskap som arbeider for best mogleg skiløyper i Skjåk. Selskaper har i dag vedlikehaldet av skiløypene i området rundt Grotli, Nysætra-Billingen-Botn og Sota. Skjåk Turløyper vart etablert i 2014, og er eigd av Skjåk Almanning, Skjåk Idrettslag, Lidar Vel, Skjåk Hytteservice og Grotli Hotell. Drifta er basert på økonomisk støtte frå Skjåk Kommune, Skjåk Almanning, lokalt næringsliv, samt private brukarar av løypene. Inntektene går uavkorta til drift av skiløypene og vedlikehald av driftsmidler. Alt administrativt arbeid blir utført på frivillig basis av styret.

Publikum får informasjon om skiløypene og oppdateringar via facebook-sida «Skjåk Turløyper».

Hamsevika/Breidablikk

Påska 2018 vil Skjåk Turløyper køyra opp løyper med trakkemaskin på strekninga Grotli-Hamsevika – Breidablikk. Løypa vil gå etter gamlevegen, og eit lite stykke vest for parkeringa i Breidablikk. Løypa vil ikkje nødvendigvis bli køyrt kvar dag, men når det er behov for det, og det er kapasitet på maskiner og mannskap. Vi ser på dette som eit prøveprosjekt for denne påska, og vil evaluere tiltaket etter påske. Vi håpar at dette blir eit bra tiltak, og at hyttefolket set pris på løypene!

All støtte er naturlegvis frivillig, men for dei som vil vera med på å støtta Skjåk Turløyper, kan ein gje eit bidrag til konto: 2085.26.57554 eller vipps 506023.

God påske!

Skjåk Turløyper 21.03.18
v/ Øyvind Tengedal, leiar